



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 14.08.2017

Vår ref.: 2013/298

Arkivnr.: 451.2

Jordbruksforetak i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Kunngjering om Regionalt miljøprogram i Rogaland:

Tilskot til miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel – ny utsetting av frist for siste spreieing av husdyrgjødsel til 1. september

Fylkesmannen i Rogaland i Rogaland utsett med dette fristen for spreieing av husdyrgjødsel frå 10. august til 1. september. Utsettinga gjeld foretak som vil søkje tilskot frå regionalt miljøprogram til miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel.

Frist for siste spreieing av husdyrgjødsel blei 31.07.17 av klimatiske årsaker utsett til 20. august. Fylkesmannen gir no ytterlegare utsetting av spreiefristen til 1. september. Det har vore jamt med nedbør, og det er svært bløytt i jorda. Utkøyring av blautgjødsel på vassmetta areal vil gi stor fare for overflateavrenning. Vêrmeldinga framover til 22.08.17 viser framleis regn og dårlege tilhøve for opptørking. Fylkesmannen finn det rett å utsette fristen slik at utkøyring av husdyrgjødsel kan skje under meir laglege forhold.

Fristen 1. september er samanfallande med frist sett i forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav om spreieing av gjødsel med organisk opphav utan påfølgjande nedmolding.

Utsettinga av fristen er gjort etter forskrift av 6.juli 2016 nr. 888 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland, § 22 punkt d.

Vi ber kommunane og andre aktørar om å informere om at fristen er utsett.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Monica Dahlmo
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Monica Dahlmo
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 66
E-post: fmromda@fylkesmannen.no